



## RAPPORT SKULEFRUKOST 2017

Kvam vgs fekk hausten 2017 stønad til oppstart av skulefrukost for elevane. Ei slik ordning har lenge vore etterspurt hjå elevane og oppstarten vart motteken med stor glede. Skulen har tidlegare meldt tilbake til HFK at skulefrukostordninga har vore eit av dei mest vellukka prosjekta skule har start nokon gong. Stor deltaking og enorm sosialt samlingspunkt har gjort skulefrukosten til ein suksess for hybelbuarar og fastbuande ungdom i Hardanger.

### Organisering:

Skulen har gjeve tilbod om frukost kvar dag på begge avdelingane. Elevane har fått tilbod om varm havregraut kombinert med ulike grynalternativ. Nokre dagar i veka set ein fram grønsaker eller frukt som elevane kan variera med. Skulen organiserer frukosttilbodet på begge avdelingane både i Norheimsund og i Øystese. Det er kantina som er ansvarleg for organisering, innkjøp, rigging og rydding. Elevane har vore flinke til å halde orden i kantina og nytta ryddestasjonane etter måltidet. Skulen har også tilbod til allergikarar med glutenfrie alternativ, laktosefri mjølk osv.

### Økonomi

Skulen nytta tilskotet på 200 000 frå HFK på innkjøp av mat på begge avdelingane. I tillegg vart det supplert litt på skåler, dukar og litt enkle kjøkkenutstyr. Skulen kan nytta 8 kr pr elev og dette dekkjer ikkje alle matutgiftene i samband med prosjektet. Resten må skulen dekke av eige budsjett.

### Deltaking

På begge avdelingane har det vore stort oppmøte og deltaking på skulefrukosten. Dei aller fleste elevane møter til frukost i kantina kvar dag. Også dei framandspråklege deltek fast. Under ser du utdrag frå mail sendt HFK kring prosjektet 7. november 2017 til Marianne Haaland og Linda Farestveit.

Her kjem ei lita tilbakemelding på skulefrukost som HFK gav stønad til denne hausten.

Skulen vil melde om at dette tiltaket har vore ein utruleg suksess. Elevane samlast 0925 til 0945 kvar dag i kantina.

Steninga er utruleg god og oppmøtet er så og seia alle elevane ved skulen.

Dette har vore eit godt tiltak.

Samson Håland

Kvam vgs

### Erfaring

Lærarane melder tilbake til leiinga at elevane er meir opplagde og ferdig snakka etter skulefrukosten. I tillegg er elevane meir koncentrerte og læringsmottaklege utover føremiddagen. Hybelbuarane, samt mange føresette har gjeve ros til ordninga. Elevrådet gjekk ut i lokal media og marknadsførte tiltaket positivt. Elevane har meldt om i evalueringa at ein ynskjer litt meir variasjon i kosten.

Mvh

Samson Håland

Assisterande rektor